



Økonomi i oppdrett av overskotslam

Forfatter

Finn Avdem, Nortura

Sammendrag

Eit overskotslam eller kopplam er eit lam som ikkje har mor eller ikkje får nok mjølk frå mora til at det får tilfredsstillande tilvekst og blir difor teken frå søya og fôra opp på mjølkeerstatning, kraftfôr, grovfôr og beite. For å få økonomi i eit overskotslamoppdrett, er det viktig at ein alt før lamming har tenkt igjennom korleis ein ynskjer å ta vare på overskotslamma/kopplam.

Publisert

2011

Referanse

Bondevennen, 14/2011

Utskriftsdato

22.07.2019 www.fag.nsg.no

BONDEVENNEN NR. 14 - 8. april 2011

Økonomi i oppdrett av overskotslam



Finn Avdem
Fagrådgjevar småfe, Nortura

Eit overskotslam er eit lam som ikkje har mor eller ikkje får nok mjølk frå mora til at det får tilfredsstillande tilvekst og blir difor teken frå søya og føra opp på mjølkeerstatning, kraftfôr, grovfôr og beite. For å få økonomi i eit overskotslamoppdrett, er det viktig at ein alt før lamming har tenkt igjennom korleis ein ynskjer å ta vare på overskotslamma.

Det fyrste ein bør gjera, er å utnytte moglegheitene til adopsjon av lam slik at alle friske, vaksne søyer minimum går med to lam. Ein bør så vurdere om støttefôring med kraftfôr om våren er nok til å gje tilfredsstillande tilvekst på lamma. Dette er særleg aktuelt dersom ein har gode sommarbeite. Når desse moglegheitene er brukt opp, vil det som regel vera ein del lam som blir overskotslam. Desse bør vi ha eit gjennomtenkt opplegg for.

Dette er viktig for alle overskotslam

Pass på at lamma får nok råmjølk, helst frå mora, dvs 1,5 til 2 dl når dei er fødde og ca 1 liter råmjølk det første døgeret for eitt 5 kg's lam.

Ta bort lamma som skal bli overskotslam når dei har gått med mora i ca 1 døgn. Bingane til overskotslamma må vere tørre og utan trekk. Lamma må ha eit tett liggeunderlag som isolerer. Tørr halm, flis eller styropor er bra liggjeunderlag for overskotslam.

Gje lamma appetittfôring på mjølkeerstatning, reint vatn, kraftfôr og litt fint grovfôr dei fyste vekene. FORMEL kalv eller FORMEL Mysl Start passar til små lam som ikkje er drøvtygjarar enda.

Overskotslam som ikkje har fått råmjølk frå vaksinert sau, må vaksineraast mot pulpanyre ved ca tre vekers alder. Vurder også om lam som har fått råmjølk frå vaksinert sau, bør bli vaksinert.

Mjølkeerstatningsbasert oppdrett (somalram-produksjon)

Det mest intensive oppdrettet av overskotslam er å gje dei mjølkeerstatning heilt fram til slakting. Så intensiv fôring fører til at lamma blir slaktemogne ved mykje lågare vekt enn vanlege lam, men slaktevekta bør over 13 kg, fordi marknaden ynskjer såpass tunge lam, og ein vil få utbetalt grunntilskot for lammet. Sommarlamma blir selde som heile slakt i butikk. Dei skal difor heller ikkje vera for store. Slakteprosent på slike lam varierer rundt 50. Vi tilrår difor ei levandevakt frå 28-40 kg ved slakting. Lamma kan lett bli for feite når dei nærmar seg denne vekta. Ein bør derfor gje avgrensa mengder mjølkeerstatning morgon og kveld med lik konsentrasjon den siste veka før slakting. Da er det ekstra viktig med tilgang på reint drikkevatt i tillegg.

Medel tilvekst på eit sommarlam bør vera mellom 400 - 500 g/dag. Slaktealder på eit sommarlam vil da vera 6-8 veker. Du må difor ha hovudtyngda av lamming i slutten av mars, april og starten av mai dersom du skal nå tak i tilleggsprisen som gjev økonomi i denne produksjonen.

Eit sommarlam bør ha ei fødselsvekt på minimum 4,5 kg, dvs at ein som regel må bruke dei største lamma frå trilling- og firlingfødsjar. Er ein flink til å undervenne lam, kan det også vera eit alternativ å bruke einstaka lam til sommarlam og undervenne to fosterlam til søya.

Økonomi for ulikt oppdrett av overskotslam født 15.april

Føresetnader:

Fødselsvekt: 5 kg

Tilvekst: 450 g/dag

Levandevakt slakting: 30 kg

Alder slakting: 56 dagar

Forbruk mjølkeerstatning: 0,5 kg pr dag

Slakteprosent: 50
Pris pr kg slakt: kr 62

TABELL 1		<i>Pris pr kg</i>	
Slaktevekt, kg	15,1	kr 62	kr 936
Grunntilskot, pr kg		kr 4,90	kr 74
Slaktetilskot pr lam			kr 179
		<i>Inntekter</i>	kr 1189*)
		<i>Pris pr kg</i>	
Mjølkeerstatning, kg	28,0	kr 26	kr 728
Krafftôr	11,2	kr 4,40	kr 49
Vaksine	45		kr 45
Strø /merke	30		kr 30
		<i>Kostnader</i>	kr 852
Til mjølkeutstyr, hus, arbeid og grovfôr		<i>Overskott</i>	kr 337

*) I tillegg kjem evt. distriktstilskot

Krafftôrbasert oppdrett

Ein kan også lage ordinære slaktelam av overskotslamma ved å avvenne frå mjølkeerstatning så tidleg som råd og føre overskotslamma vidare på krafftôr, grovfôr og beite. Tilveksten blir da noko lågare, men lamma tåler da ei høgare vekt før dei er slaktemogne.

Ein kan avvenne lamma ved ca 30 dagars alder og ca 15 kg`s levandevekt (vurder både alder og vekt når det er fornuftig å avvenne). Lamma skal da vera godt i gang med å eta krafftôr. Det er best at lamma får ei gradvis avvenning frå mjølkeerstatning med avgrensa føring morgon og kveld i fire til fem dagar.

Det er også mogleg med brå avvenning, men da kan lamma stagnere meir. Det er viktig at lamma får fri tilgang på friskt vatn heile tida og spesielt når ein trappar ned på mjølka.

Fortsett vidare inne med vatn, krafftôr og grovfôr etter appetitt i ca 14 dagar. Du har da god kontroll på at lamma veks og er friske før dei blir slepte på beite. Når lammet er blitt skikkeleg drøvtyggjar ved ca 8 veker alder, kan ein gå over til FORMEL lam. Hald fram med krafftôr etter appetitt frå ein krafftôrautomat også ute på beite. Tilveksten vil da bli høg sjølv om beitekvaliteten varierer.

Lamma vil kompensere med å eta meir krafftôr dersom det blir for lite beite eller kvaliteten på beite blir dårleg. På den andre sida, vil lamma eta mindre krafftôr dersom ein er flink til å fylgje opp med beitepussing og gjødsling, slik at lamma stadig har tilgang på ferskt, proteinrikt og lettfordøyelig beitegras. Dette er også ei forholdsviss intensiv føring og det er viktig å passe på at lamma ikkje blir for feite, spesielt søyelamma!

Overskotslam på heimebeite er utsette for koksidiar og bør behandlast for dette. Overskotslamma bør også få vanleg behandling mot rundormar dersom ein nyttar beite som blir brukt til sau år etter år. Sett opp ein plan for vaksining og snyltarbehandling saman med veterinæren din.

Økonomi

Føresetnader:

Fødselsvekt: 4,5 kg

Alder avvenning: 30 dagar

Tilvekst før avvenning: 400 g/dag

Kg mjølkeerstatning pr dag: 0,4 kg

Krafftôr pr dag før avvenning: 0,2 kg

Tilvekst etter avvenning: 350 g/dag

Kg krafftôr pr dag etter avvenning: 0,9 kg

Levandevekt slakting: 48 kg

Alder slakting: 120 dagar

Slakteprosent: 42

Pris pr kg slakt: kr 46

(Klasse R slakta midt i august*)

TABELL 2		<i>Pris pr kg</i>	
Slaktevekt, kg	20,2	kr 46	kr 927
Grunntilskot	20,2	kr 4,90	kr 99
Stjernelam	20,2	kr 2,50	kr 50
Slaktetilskot			kr 179
Beitetilskot			kr 60
		<i>Inntekter</i>	kr 1.315**)
		<i>Pris pr kg</i>	
Mjølkeerstatning, kg	12	26	kr 312
Krafftôr	87	3,60	kr 313
Vaksine/parasittbehandling	60		kr 65
Strø / merke	30		kr 30
		<i>Kostnader</i>	kr 720
Mjølkeutstyr, hus, arbeid,		<i>Overskott</i>	kr 595

grovfôr og beite

*) Usikker m.a. pga ein ikkje veit kva jordbruksavtaleprisen blir

**) I tillegg kjem evt. distriktstilskot

Beitebasert oppdrett

Dersom ein ynskjer å dyrke meir av fôret til lamma sjølv, er det godt mogleg å få god tilvekst på overskotslam dersom dei får tilgang på beite av god kvalitet.

Raigras er eit kjempegodt beitegras til lam.

I eit feltforsøk gjort hjå fem saueprodusentar i Nord-Hedmark og Sør-Trøndelag, var medel tilvekst frå 265 - 330 g/dag på eit slik beite. Ca 8 - 10 vekers alder ser ut til å vera passande alder å venne lamma av med kraftfôr og gå over til berre beite.

Ein bør trappe ned kraftfôrrasjonen gradvis ved å gje kraftfôr morgon og kveld i ei veker tid. Skal tilveksten bli god, bør ein gjennomføre skiftebeiting, beitepussing og gjødsling etter kvar avbeiting. Til gjengjeld slepp ein å fylle etter kraftfôrautomaten kvar dag og ein får redusert utgiftene til kraftfôr betydeleg fordi det er dei siste vekene før slaktning lamma verkeleg et mykje kraftfôr dersom dei får det etter appetitt.

Desse lamma bør også bli behandla mot koksidiøse om lag 7 dagar etter beiteslepp og få vanleg behandling mot rundormar i samråd med veterinær.

Økonomi:

Føresetnader:

Fødselsvekt: 4,5 kg

Alder avvenning: 30 dagar

Tilvekst før avvenning: 400 g/dag

Kg mjølkeerstatning pr dag: 0,4 kg

Kraftfôr pr dag før avvenning: 0,2 kg

Tilvekst etter avvenning: 300 g/dag

Kg kraftfôr pr dag etter avvenning: 0,12 kg

Levandevekt slaktning: 50 kg

Alder slaktning: 144 dagar

Slakteprosent: 40

Pris pr kg slakt: kr 45,70 (Klasse R slakta i starten av september *)

TABELL 3

<i>Slaktevekt, kg</i>	<i>20,3</i>	<i>Pris pr kg</i>	
<i>Grunntilskot</i>	<i>20,3</i>	<i>kr 45,70</i>	<i>kr 927</i>
<i>Stjernelam</i>	<i>20,3</i>	<i>kr 4,40</i>	<i>kr 89</i>
<i>Slaktestilskot</i>		<i>kr 2,50</i>	<i>kr 51</i>
<i>Beitetilskot</i>			<i>kr 179</i>
			<i>kr 60</i>
		<i>Inntekter</i>	<i>kr 1 306**)</i>
		<i>Pris pr kg</i>	
<i>Mjølkeerstatning, kg</i>	<i>12</i>	<i>26</i>	<i>kr 312</i>
<i>Kraftfôr, kg</i>	<i>20</i>	<i>3,60</i>	<i>kr 70</i>
<i>Vaksine/parasittbehandling</i>	<i>60</i>		<i>kr 65</i>
<i>Strø /merke</i>	<i>30</i>		<i>kr 30</i>
		<i>Kostnader</i>	<i>kr 478</i>
<i>Til mjølkeutstyr, hus, arbeid, grovfôr og beite</i>		<i>Overskot</i>	<i>kr 828</i>

*) Usikker, m.a. pga ein ikkje veit kva jordbruksavtaleprisen blir

**) I tillegg kjem evt. distriktstilskot

Marknaden for ulike type lam

Vi har etterspørsel etter ein del ferske heile lam i mai og juni. Denne etterspørselen ynskjer vi å dekke med intensivt fôra sommarlam. Nortura har difor tilleggsprisar på sommarlam som gjer det mogleg å få økonomi i eit slik intensivt oppdrett (sjå http://medlem.nortura.no/smaaefe/priser_leveringsvilkaar/). Erfaringar frå tidlegare år er at etterspørselen etter lam er veldig stor i starten av den ordinære lammesongen. Slik vil det sikkert bli i år også. Dei som har muligheit for det, bør difor satse på kraftfôr- eller beitebasert oppdrett av overskotslam. Gode tilfôrslar tidleg er alltid viktig for ein vellykka lammesong. Eksempla her tyder på at dette også vil vera best økonomi for mange.



Kraftfôr til overkotsslam inne



Kraftfôrautomat på vårbeite